

# **Innhald i HMS-kurs for laboratoriearbeid**

## **Teori del 1 - Grunnleggjande åtferd på laboratoriet**

Det vert fokusert på kva ein kan gjere og ikkje gjere på laboratoria, eting, drikking, stress o.s.v. Det vert fokusert på korleis ein kan arbeide trygt på eit laboratorium.

Handtering og merking av kjemikaliar vert grundig gjennomgått, og all informasjon ein kan få frå eit sikkerhetsdatablad – eit godt hjelpemiddel til mykje informasjon om det enkelte stoffet - vert vist studentane. Studentane vert informert om kor ein kan finne HMS-datablada for Universitetet i Bergen.

Studentane vert informert om oppsamling av farleg avfall, og dei vert gjort merksame på kva dei skal gjere med det avfallet dei produserar på kurset, og om UiB sine rutinar for levering til godkjent avfallshandterar.

## **Teori del 2 - Brann, brannvern og førstehjelp**

Det vert fokusert på førebyggjande brannvern, kva som skal til for at det kan oppstå brann og korleis ein kan prøva å unngå det. Dei ulike sløkkjemidla vert grundig gjennomgått. Ikkje alt kan sløkkjast ved hjelp av vatn. Studentane vert fortalt om sine pliktar ved ein eventuell brann/brannalarm, og informert om evakueringsrutinar og møteplass. Dei brennbare gassane som vert nytta på begynnarkursa vert óg gjennomgått.

I førstehjelpsdelen vert skadane ein kan få på eit laboratorium og behandling av desse teke opp. Ein kjem inn på kuttskadar, forbrenning og forgifting, og går gjennom stabilt sideleie, hjarte/lunge redning og korleis ein skal opptre på ein skadestad.

## **Praktisk del 1 - Brann**

Her vert litt av teorien repetert. Studentane får sløkkje ein væske- eller gassbrann med CO<sub>2</sub> og ein væskebrann på laboratoriebenk med avis eller handduk. Alle studentane må sløkkje begge typar brannar.

## **Praktisk del 2 - Førstehjelp**

I denne delen må alle studentane gjennom praktisk hjarte/lunge redning på dukke, stabilt sideleie og legging av trykkbandasje.

## **Praktisk del 3 - Laboratiegjennomgang**

Gjennomgang på dei aktuelle laboratoria med omsyn til plassering av tryggleiksutstyr; brannslukkingsapparat, brannteppe, nauddusj, augeskyljedusj, medisinskap og naudutgangar. Studentane vert synt korleis dei skal nytte gassbluss og korleis dei skal stenge gassblussa og husanlegget for propangass dersom brannalarmen går.